

Norges Vassdrags og Energidirektorat  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Kopi: Miljødirektoratet  
[postmottak@miljodirektoratet.no](mailto:postmottak@miljodirektoratet.no)

Orkdal/Oslo, 4.februar 2020

## **Forureining med slitasjepartiklar/ mikroplast frå vindturbinar**

Naturvernforbundet viser til miljøinformasjonslova og ber om informasjon om omfanget av forureining med mikroplast frå vindkraftanlegg. Vi er bekymra for at dette kan gje eit vesentleg bidrag til forureining med mikroplast.

Konkrete spørsmål:

1. Kor mykje slitasjepartiklar kjem frå vindturbinar, for eksempel målt i kg/MW installert effekt/år?
2. Kva type partiklar dreier det seg om? Plasttype, glasfiber etc, og kan dei innehalde miljøgifter?
3. Korleis spreier desse partiklane seg?
4. Kva krav blir stilt til vindkraftselskapa når det gjeld oppsamling av støv frå vedlikehaldsarbeid på turbinane, både når det gjeld turbinvegane og tårnet?

Partiklar frå vindturbinar kan innehalde miljøgifter og kan utgjere ein fare for miljøet. I forureiningslova definerast forureining som «*tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen som er eller kan være til skade eller ulempe for miljøet*».

Slitasjen kan vere spesielt omfattande på den leiande eggen til turbinvingane, som har stor fart, ofte over 200 km/t på spissen. Problemet er ikkje minst stort når det er nedbør. Vi vil i denne sammenhengen vise til omfattande internasjonal litteratur om dette, og til alle selskapa som driv med reparasjon/ vedlikehald på vindturbinar.

I tillegg til slitasje på turbinvingane er det slitasje av maling på tårna, maling som i dag i hovudsak består av plast/ mikroplast.



#### International Symposium on Leading Edge Erosion of Wind Turbine Blades 4-6 February 2020

Wind energy Energy



TUESDAY 01 OCT 19 |

DTU Wind Energy offers a symposium on leading edge erosion on 4-6 February 2020 at DTU Risø Campus.

Contact

Eksempel på slitasje!

Fotoet til høgre viser typisk metode for gjennomføring av reparasjonsarbeid (finsk selskap)<sup>ii</sup>.

Så langt vi kan sjå, er det ikkje tiltak for å fange opp partiklar frå sliping av plast før pålegging av nye lag.



### Lovgrunnlag

Vi viser til miljøinformasjonslova § 8 om NVEs plikt til å ha slik informasjon om vindturbinar, som ligg under NVEs ansvarsområde.

**«§ 8. Det offentlige ansvar for å ha og tilgjengeliggjøre miljøinformasjon**  
Forvaltningsorganer som nevnt i § 5 første ledd bokstav a skal på et overordnet nivå ha miljøinformasjon som er relevant i forhold til sine egne ansvarsområder og funksjoner, og gjøre denne informasjonen allment tilgjengelig.»

## Vår rett til informasjon

### «§ 16. Rett til miljøinformasjon om virksomhet

*(1) Enhver har rett til miljøinformasjon fra virksomhet nevnt i § 5 annet ledd om forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.»*

## Tidsfristar og sakshandsaming

### «§ 18. Saksbehandling

*(4) Den som mottar et krav om miljøinformasjon, skal avgjøre dette og utlevere informasjonen snarest mulig og senest innen en måned etter at kravet er mottatt. Dersom mengden av informasjon eller informasjonens karakter gjør det uforholdsmessig byrdefullt å utlevere den innen en måned, skal den senest være kommet fram til informasjonssøker innen to måneder. Det skal snarest mulig, og senest innen en måned etter at kravet er mottatt, informeres om årsaken til forlengelsen og om når en avgjørelse kan ventes å foreligge.»*

## Med helsing

## Noregs Naturvernforbund

Maren Esmark

Generalsekretær

Mads Løkeland

Fylkesstyremedlem,  
Naturvernforbundet i Trøndelag

---

<sup>i</sup> <http://www.rain-erosion.dk/news/2019/10/international-symposium-on-leading-edge-erosion-of-wind-turbine-blades?id=12f03209-bd12-4f10-bb22-14cacef2a4e0>

<sup>ii</sup> WIND TURBINE MAINTENANCE, INSPECTIONS & REPAIRS, NORDIC ACCESS OY  
<https://www.nordicaccess.fi/wind-turbine-maintenance>